



ROVVILTNEEMNDA I REGION 1

Vest-Agder, Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane

Rovviltneemnda i region 1 pr. e-post

Dykkar ref: Vår ref.: Arkivnr.: Dato:
2013/12146 433.52 18.12.2014

Handsaming av klage på vedtak om lisensfelling av ulv og jerv

Vi syner til klage frå Naturvernforbundet i Vest-Agder, sendt pr. e-post 15.09.2014. Naturvernforbundet klager på vedtak om lisensfelling på jerv og ulv datert 21.11.2014. I vedtaket aukar Rovviltneemnda i region 1 kvoten for lisensfelling på jerv og ulv med høvesvis 2 og 1 dyr samanlikna med det som blei vedteke i brev datert 04.06.2014.

Naturvernforbundet har rett til å klage på vedtak om lisensfelling innan 3 veker frå vedtak er gjort kjend for dei. Klagen datert 15.12.2014 er fremja innan denne fristen, då rett kontaktperson i Naturvernforbundet i Vest-Agder først fekk melding om vedtaket pr. e-post 25.11.2014. Forskrift om forvaltning av rovvilt, av 18.03.2005 nr 242, §18 har denne ordlyden:

Rovviltneemndens vedtak om kvote for betinget fellingstillatelse og kvote for lisensfelling, jf forskriftens §8 og §10 eller kvotejakt på gaupe, jf forskriften §11, kan påklages til Miljøverndepartementet. Miljøverndepartementet skal før klagen sluttbehandles gi Direktoratet for naturforvaltning anledning til å gi en faglig tilråding i saken. For øvrig følger klagebehandlingen forvaltningslovens regler.

Forvaltningslova sine reglar betyr m.a. i denne samanheng at rovviltneemnda skal vurdere saka på nytt før eventuell oversending til klageinstans.

Rovviltneemnda sitt vedtak av 21.11.2014 er slik:

«Lisensfelling av jerv

Rovviltneemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 10.09.2014 – 15.02.2015. Til saman kan det fellast 10 jervar i heile Region 1. Denne kvota erstattar tidlegare kvote fastsett i vedtak datert 04.06.2014. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

Postadresse:
Rovviltneemnda i region 1
c/o Fylkesmannen i Rogaland
Miljøvernavdelinga
Postboks 59
4001 Stavanger

Leiar for rovviltneemnda:
Noralf Distad
Postboks 53, 5741 Aurland
Telefon: 91374976
noralf.distad@sfj.no
<http://www.fylkesmannen.no/rogaland>

Sakshandsamar:
Linn Borsheim, seniorrådgivar
Telefon: 51568924

Fmrolbo@fylkesmannen.no

Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at dyret blir felt plikter å melde frå straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

Det er høve til bruk av bås til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Fylkesmannen.

Det er ikkje høve til å nytte snøskuter.

Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

Fylkesmennene administrerer lisensfellinga.

Lisensfelling av ulv

*Rovviltnemnda opner for lisensfelling av **2 ulv** i heile Region 1 i perioden 1.10.2014 til 31.03.2015. **Denne kvota erstattar tidlegare kvote fastsett i vedtak datert 04.06.2014.** Eventuelle uttak på skadefellingskvote blir trukke frå lisensfellingkvoten.*

Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på ulv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

Kun rifle er tillatt ved lisensfelling på ulv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

Det er ikkje høve til å nytte snøskuter.

Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

Fylkesmennene administrerer lisensfellinga».

Naturvernforbundet sine merknadar

Vi syner til vedlagt brev frå Naturvernforbundet av 15.12.2014.

Naturvernforbundet viser til ulven sin status på Norsk raudliste som kritisk truga (CR), og rovdyras viktige rolle i økosystema. Dei viser også til at beitesesongen no er over, og at det difor ikkje er fare for skade.

Vidare viser Naturvernforbundet til at vedtaket er for dårleg grunngjeve og at det ikkje er slik, at det skal vere nulltoleranse for rovdyr i prioriterte beiteområde. Dei saknar også ei vurdering kring kva som ligg i begrepet skadepotensiale og problematiserer praksisen rundt begrepet prioriterte beiteområde.

Naturvernforbundet meiner at Rovviltnemnda i region 1 driv med utrydding når dei vedtek lisenskvote på 2 ulv og 10 jerv, og ikkje bestandsregulering. For fleire detaljar, viser vi til sjølve klagen.

Naturvernforbundet krev primært at rovviltnemnda sitt vedtak blir oppheva, då saka ikkje er godt nok opplyst. Sekundært krev Naturvernforbundet at det ikkje blir opna for lisensjakt på ulv i region 1, eller jerv i Vest-Agder. Kvoten for jerv blir tilrådd sett til 5 dyr elles i regionen.

Politiske føringar og lovverk som ligg til grunn for vurderinga

Desse dokumenta er lagt til grunn for vurderinga:

- St.meld.nr. 15 (2003-2004) Rovvilt i norsk natur
- Innst.S.nr 174 (2003-2004)
- Lov av 19.06.2009 nr 100. Lov om forvaltning av naturens mangfold
- Forskrift av 19.03.2005 Om forvaltning av rovvilt
- Forvaltningsplan for rovvilt i Region 1, revidert i 2014
- Data frå overvakingsprogram for rovvilt
- Rovviltsforliket i Stortinget, Dokument 8:163 S(2010-2011) av 16.06.2011

Sekretariatet si vurdering - jerv

Vedtak 21.11.2014 blei fatta utan at det låg føre saksframstilling frå sekretariatet med vurdering av ny kvote på jerv. Vi ser at saka kunne vore betre utreda i forkant av vedtak 21.11.2014. Vi tilrår derfor oppheving av vedtaket når det gjeld kvote for lisensfelling på jerv. Vi vil i dette brevet gjere ei nærare vurdering av lisenskvote for jerv og fatte nytt vedtak på bakgrunn av ei grundigare vurdering.

Det er ikkje nasjonale mål om ynglingar av jerv i Region 1. Rovviltnemnda har difor alltid mynde til å kunne vedta kvote for lisensfelling etter rovviltforskrifta §7. I Region 1 er det store beiteinteressar, og tiltak mot rovviltskade vil i stor grad vere ulike former for felling. Klima – og miljøverndepartementet har seinast i brev datert 28.04.2014 vist til at det skal vere låg terskel for å tillate uttak av rovdyr som har gjort eller er forventa å gjere skade i prioriterte beiteområde. Vidare har Stortinget i rovviltforliket frå 2011 understreka at lisensfelling skal vere viktigaste reiskap for felling. Dette er også understreka ved fleire høve av Klima – og miljøverndepartementet inneverande år.

Det er likevel slik at også i Region 1 skal ein ta omsyn til nasjonale mål for jerv. Difor er det og krav om fastsetting av kvote. Rovviltnemnda skal legge til grunn data frå nasjonalt overvakingsprogram, SNO sin dokumentasjon av førekomsten av jerv i Region 1 og tilgrensande område, og skadesituasjonen ved vedtak om lisensfelling på jerv (jf forvaltningsplanen pkt 8.7). Miljøverndepartementet har i handsaming av klagesaker streka under på at *”prinsippet om arealdifferensiering ikkje er ensbetydende med at områder som er prioritert til beitebruk til enhver tid skal være frie for rovvilt, eller at beitedyr skal utelukkes i områder hvor rovdyr gis prioritet.”* På den andre sida seier forvaltningsplanen at rovpattedyr med skadepotensiale er uønska i regionen, og at beitedyr skal ha prioritet framfor rovviltet. Felling er difor eit viktig førebyggjande tiltak i regionen.

Den nasjonale bestanden av jerv ligg på bestandsmålet etter hiuttak. Det har vore rekordstore tap til jerv i Sogn og Fjordane i år. Pr. 07.11.2014 er det registrert 73 dokumenterte og 34 antatt tap av sau til jerv i fylket. Rein Arne Golf frå SNO kan informere om at det så langt er registrert 11 ulike individ av jerv i området i løpet av 2014. Av individa registrert, er to

kjende frå før, mens dei resterande 8 individa er nye. Den eine DNA-prøven er gjort i Buskerud, men i grenseområdet til Region 1, og i same fjellområde. Dette er eit kjent individ som kjem frå Follidal. Det andre kjende individet kjem frå Skjåk. Dette er rekordhøg registrering, til tross for at det har vore ein dårleg sesong for registrering. Av dei registrerte individa, er eitt blitt påkøyrd, medan 2 er felt ved skadefelling. Dei resterande 8 individa er ikkje registrert felt. Dei fleste DNA-prøvane i Region 1 er tekne i grensa til Oppland. I Vest-Agder er det dokumentert eitt tap av sau til jerv. Førebels er det ikkje felt dyr av den vedtekne lisenskvoten på 10 jerv.

Når det gjeld fastsetjing av kvote for lisensfelling av jerv, er det viktig å ha ei tilstrekkeleg kvote for å kunne ta ut jerv på lisensfelling. Det gjeld både dei dyra som framleis kan tenkast å ha fast tilhald innafor regiongrensa, men ikkje minst dyr som nyttar grenseområde mot Oppland og kanskje og Agder/Telemark.

Med den situasjonen som har vore i Indre Sogn i år, er det liten tvil om at her er fleire jerv som utgjør skadepotensiale. Nemnda har bedt om at det vil bli teke ut dyr ved ekstraordinære uttak for å unngå same tapssituasjon neste beitesesong, og det kan bli høgare uttak av jerv i år samanlikna med tidlegare år. Sidan 2010, er høgaste registrerte tal på felte jerv frå 2012, då det blei felt 6 jervar på skadefelling. Felling ved normal lisensfelling har normalt vore svært låg. Det er eit viktig prinsipp i forvaltninga at kvote blir satt i tråd med den informasjonen som ligg føre, for å unngå store restkvoter. Jerven vandrar mellom soner og ei nøyaktig talfesting er derfor vanskeleg. Tal frå Rovdata viser at av totalt 10 registrerte individ i regionen i 2014, er 3 felt. Det er dermed 7 gjenlevande jervar av dei 10 registrerte, i tillegg til eitt registrert individ i Buskerud, tett opp til region 1. Sett i samanheng med kor mange dyr det er truleg å få felt i løpet av vinteren, synes opphavleg kvote på 8 jerv å vere meir i tråd med nasjonale føringar og registreringar gjort inneverande år.

Sekretariatet si vurdering - ulv

Det er felt ein ulv i Naustdal, Sogn og Fjordane, 16.12.2014. Dermed er det teke eitt dyr av den totale kvota for lisensfelling på 2 dyr. I dette området er det antatt 9 tap av sau til ulv. I Vest-Agder er det 16 dokumenterte og 13 antatt tap av sau til ulv pr. 17.12.2014. Det er med andre ord registrert dokumentert/antatt tap til ulv i to fylker i regionen. Siste observasjon i Vest-Agder var på viltkamera i haust. Det ligg ikkje føre DNA frå ulven observert i Vest-Agder. Det er ikkje gjort nye observasjonar av ulv i regionen etter førre møte, men to ulvar er observert i region 2 i starten av desember.

I saksframlegg til vedtak 21.11.2014 gjekk sekretariatet inn for å behalde kvoten på ein ulv. Det vart samtidig føreslått å ha eit hastemøte dersom kvoten blei oppfylt. Ein ulv er no felt, og det er framleis registreringar av ulv i nærleiken av Vest-Agder, kor det tidlegare er registrert tap av sau til ulv. Det er dermed truleg at skadegjerande ulv på ny kan bli eit problem ved neste beitesesong dersom ikkje dyr blir tekne ut. Vi viser til at lisensjakt skal vere viktigaste reiskap for felling. Vidare er det på sporsnø det er mest truleg å felle ulv. For å unngå å gå inn i ein ny beitesesong med skadegjerande rovdyr i området, vurderer vi det slik situasjonen er no, at det er rett vurdering med ein kvote for lisensfelling på 2 ulv.

Vi viser elles til saksframlegg frå sekretariatet som er lagt ved vedtak 21.11.2014, samt sjølve vedtaket, for opplysningar om status om ulv i regionen og vurderinga som ligg bak vedtaket.

Sekretariatet si vurdering - andre moment i saka

Naturvernforbundet viser i klagen til at skadefelling skal retta seg mot individ. Dette stemmer, og dette er relevant når Fylkesmannen fatter vedtak om skadefelling. Vedtaket som her er pålagt, gjeld lisensfelling. Her er det snakk om kvotejakt på eit gitt tal dyr, og det er med andre ord ikkje same reglar som gjeld for lisensjakt. Lisensjakt er kvoteregulert jakt som skal vere bestandsregulerande. Det er ikkje kobla opp mot individ på same måte som skadefelling.

Naturvernforbundet saknar også ei vurdering kring kva som ligg i begrepet skadepotensiale og problematiserer praksisen rundt begrepet prioriterte beiteområde. I vurderinga ovanfor er det vist til beitedyr skal ha prioritet over rovdyr i heile region 1. Dette fylgjer av forvaltningsplanen. Det er vidare vist til at det har vore tap av sau til ulv to stader i regionen, og store tap til jerv i nordre del av regionen. Vi vurderer derfor at vedtak er i tråd med dei føringar som ligg i regelverket. Klima- og miljødepartementet har også i brev datert 28.04.2014 understreka at det skal vere høg beredskap og tett oppfølging slik at det så langt det er mogleg blir teke ut rovvilt i prioriterte beiteområder.

Naturvernforbundet har ikkje bede spesifikt om oppsettande verknad for vedtaket til klagen har blitt handsama, sjølv om vi er inne i perioden for lisensjakt. Nemnda bør likevel ta stilling til dette. Vi er no inne i perioden for lisensjakt, og den opphavlege kvoten for lisensfelling av ulv er oppfylt. Vi gjer merksame på signaler frå Klima- og miljødepartementet, gitt i brev av 20.10.2014, der det står;

«Dersom man likevel skulle komme i den situasjonen at saken ikke er endelig behandlet ved jakt- eller fellingsstart viser departementet til forvaltningsloven bestemmelse om oppsettende virkning.

Hovedregelen i norsk rett er at vedtak kan iverksettes så snart de er fattet, eller når det er bestemt i vedtaket, selv om vedtaket kan påklages. Det er imidlertid adgang til å vedta såkalt oppsettende virkning, jf. forvaltningsloven § 42. (...)

Departementet mener, med bakgrunn i Instruksen for saksbehandlingsfrister i rovviltsaker, at oppsettende virkning bør benyttes i større grad enn i dag i saker som gjelder kvotejakt og lisensfelling der det er klart at en eventuell klagebehandling ikke kan avsluttes før kvotejakt- og lisensfellingsstart».

Med bakgrunn i signala gitt i dette brevet, er det relevant å vurdere oppsettande verknad i denne saka.

Forslag til vedtak:

Kvote for lisensfelling på jerv:

Klagen blir teken til fylgje når det gjeld vedtak om kvote for lisensfelling på jerv. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 10.09.2014 – 15.02.2015. Til saman kan det fellast **8 jervar** i heile Region 1. **Denne kvota erstattar tidlegare kvote fastsett i vedtak datert 21.11.2014.** Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

Felt dyr skal straks meldast til Fylkesmannen og kommunen. Felt dyr skal synast fram for Statens Naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at dyret blir felt plikter å melde frå straks til Fylkesmannen, kommune og politi. Fylkesmannen avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

Det er høve til bruk av bås til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Fylkesmannen.

Det er ikkje høve til å nytte snøskuter.

Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

Fylkesmennene administrerer lisensfellinga.

Kvotefor lisensfelling på ulv:

Klagen blir ikkje teken til fylgje når det gjeld vedtak om kvote for lisensfelling på ulv. Saka blir sendt vidare til Klima- og miljødepartementet for endeleg handsaming.

Med helsing

Geir Skadberg
Ass. Landbruksdirektør

Linn Borsheim
for sekretariatet region 1

Kopi pr. e-post til:
Fylkesmannen i Vest-Agder, Hordaland, Rogaland
og Sogn og Fjordane

Vedlegg:
Klage frå Naturvernforbundet, av 15.12.2014
Vedtak om lisensfelling av ulv og jerv i region 1 i perioden 2014/2015, av 21.11.2014

